



Giganten på Endregård held stand

Vi er inne i blomestadiet for den utruleg mangfaldige busk som heiter rhododendron og som ein kan finna 400 artar av berre her i landet og utruleg nok 1000 på verdsbasis.

Arten hevdar seg godt også her i bygda og ein rask synfaring kan konkluderast med at rhododendronglade folk ved Eidsvik og på Neset fortener ein spesiell premie for god fantasi i fargevalet.



Praktfulle rhododendron i Geilo

Her i bygda finn vi jo også den truleg største rhododendron i fylket, som har vore rundt 5 meter lang. No skrantar han litt utan at situasjonen er kritisk. Han har tørka ut noko i eine enden og bør supplerast hvis eigaren Tor Eik er interessert i det. I alle fall fortener han omsorg ettersom han allereie er 96 år gamal. Han vart planta samstundes med at hagen på Endregård vart anlagt.

Rhododendron er så mangt - frå krypande fjellplantar til 30 meter høge tre og med unntak av Sør-Amerika og Afrika r dei å finna over heile kloden.

I Storbritannia er han eit problem fordi han har forgifta husdyr og han er også giftig for menneske. Men han er eit vakkert syn og det er det viktigaste.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Variert fargeval på Neset